

Hordaland Fagskulestyre
v/ Opplæringsavdelinga

SØKNAD OM TILSKOT TIL UTVIKLING AV RETTLEIAROPPLÆRING

Syner til Fagskulestyr vedtak av 26.01.16 og til e-post til fagskulane, med invitasjon til å søkja utviklingsmidlar. Med utgangspunkt i den nyleg innsendte Utviklingsplanen for Hordaland helsefagsskole, søker me om støtte til å utvikla eit opplæringstilbod for administrativt tilsette og fagpersonar som har rolle i tilrettelegging for, og oppfølging av, fagskulestudentar i praksis.

MÅL: Styrkja kvaliteten i den praktiske delen av opplæringa

BAKGRUNN: Praksisdelen utgjer 20-25% av dei ulike fagskuletilboda våre, og er såleis ein vesentleg del av opplæringa. Me siterer frå utviklingsplanen: *...Gode fagmiljø med aktive rettleiararar kan gje stort utbyte for den enkelte studenten.Faglærarar og studentar melder at ikkje alle praksisrettleiarane er bevisste på oppgåva si, noko som kan ha ulike forklaringar.... Når studentane gjev score på 4,3 på organisering av praksis og på fordjupingsoppgåva, må me sjå korleis dette kan organiserast betre.*

TILTAK

Av konkrete tiltakspunkt er «Utvikla eit tilbod i rettleiing for praksiskontaktane, minimum dagskurs, med høve til å spissa opplæringa til det enkelte fagområdet.». Som grunnlag for dette, vil me henta inn evalueringar og råd om betringspunkt frå tidlegare studentar og praksisvertar.

Helsefagskulen har kjørt eit lite halvdagskurs for nye rettleiarar på Haukeland US, men me treng evaluera og utvikla dette tilbodet. Me ser med interesse på Fusa vgs sitt prosjekt vaksenopplæring (Vaksenopplæring på arbeidsplassen) der dei er i gang med opplæring av rettleiarar / instruktørar. Me kjenner også til at Aarhus Social and Health Care College set krav til sine praksisrettleiarar om at dei skal ha gjennomført ei minimums kursing FØR dei vert aksepterte som rettleiarar.

BUDSJETTSKISSE

Kunnskapshenting

Evalueringmøte m/ Haukeland; rettleiar kurs vs praksisgjennomføring	
Besøkja 4 ulike praksisplassar (kvalitativ gransking)	2p * 2 dg = 4 dg
Besøkja Aarhus Helsefagsskole og	3p * 2 dg = 6 dg
Hospitera i Fusa vgs sitt opplegg for instruktørar	2p * 1 dg = 2 dg
Utvikla materiell / kursopplegg	2p * 2 dg = 4 dg
Kjøra pilotprosjekt	3p * 1 dg = 3 dg
Evaluera / justera kursopplegg	4p * 1/5 dg = 2 dg
Sum arbeidsinnsats	21 dg

kr. 65.000,-


Reise- og møteutgifter

kr. 20.000,-

SUM Prosjektkostnader:

kr. 85.000,-

På bakgrunn utviklingsplanen vår og det ovanstående søker me om kr. 85.000,- i støtte


Tor Johannes Hjertnes
Administrativ leiar


Mette Holmefjord Olsen
Avdelingsleiar